

## Status og mandat SNR

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
Sak 2015/27	Styret for Helse Møre og Romsdal HF	06. mai 2015

Saksbehandlar: Espen Remme  
Arkivreferanse: 2015/2525

### Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringa om status i prosjektet SNR til vitande.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til mandat for prosjektstyret SNR.

Ålesund, 30. april 2015

Dag Hårstad  
Konst. adm. dir.

### Vedlegg:

- Vedlegg 1: Mandat Prosjektstyret SNR  
Vedlegg 2: Fullmaktsmatrise i prosjektet SNR  
Vedlegg 3: Framdrift SNR

## Saksutgreiing:

### Føremål med saka

Som byggherren skal styret i Helse Møre og Romsdal HF med jamne mellomrom orienterast om status og situasjon. I tillegg til informasjon, er denne saka i tillegg realitetshandsaming av mandatet for prosjektstyret SNR.

### Prosjektstyret

Prosjektstyret er konstituert i tråd med tidligare samansetting og har hatt to møter av førebuande art. Det har vore gode prosjektstyremøter.

### Prosjektdirektør

Arbeidet med prosjektdirektør i SNR pågår og vil sannsynligvis vere avklara i første halvdel av mai.

Ny adm. dir. i Sykehusbygg HF er tilsatt, og det er Ann Elisabeth Wedø (52). Ho kjem frå jobben som administrerande direktør ved Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA). Den nye adm. dir. vil bli involvert i sluttarbeidet med ny leiing i Sykehusbygg.

### Prosjektleiingar i SNR

Prosjektleiarstillingane er utlyst. Det har kome inn godt kvalifiserte søkjarar frå Molde, men ikkje frå Kristiansund. Søknadsfristen er utsett til 26. mai, men ein byrjar med å tilsette i alle fall ein av dei to prosjektleiarane.

### Prosjektmedarbeidarar frå Sykehusbygg HF

I forhold til prosjekt SNR, legger Sykehusbygg opp til følgjande i Konseptfasen :

- Prosjektansvarlig : Kst Adm. dir. Bjørn Remen
- Prosjektleder programmering : Liv Haugen
- Prosjekteringsleder : Gudmund Moen
- Delprosjektledere/fagansvarlig : Dette suppleres med personell fra Sykehusbygg innen områder som hovedfunksjonsprogrammering, teknisk program, hovedfunksjonsprogram for utstyr, prosjektstyring etc.

### Mandat prosjektstyret SNR

Sjå vedlegg.

### Fullmaktsmatrise

Sjå vedlegg.

### Tidsplan

Sjå vedlegg.